



Forprosjekt om interkommunalt byggjetilsyn

Prosjektplan

Bakgrunn

Det kjem nye krav og pålegg om byggjetilsyn i plan- og bygningslova. I dagens lovverk er kommunane sin plikt til å føra tilsyn generelt utforma. I den nye lova vert det kommunale tilsynet i byggjesaker styrkt, og kommunane skal vera meir aktive i tilsynet. Kommunane blir stilt overfor krav om å føra tilsyn både generelt og i visse angitte tilfelle.

Plikten til å føra tilsyn blir skjerpa, spesielt der det føreligg ulovlege forhold. Oppgåvene krev høg kompetanse og samstundes vil omfanget av oppgåvene gje ein låg stillingsprosent om kommunane skal løysa dette kvar for seg. Dette vert definert som ein sjeldanteneste som kommunane ønskjer å samarbeida om.

Lovendringa vil stilla krav til kommunane om å rekruttera personar med høg kompetanse. Å samla oppgåvene vil gje eit fagleg miljø som vil vera meir attraktivt å jobba i. I tillegg vil tenesta bli meir robust/mindre sårbar ved sjukdom/fråvær. Auka fagkompetanse/spisskompetanse vil gje betre kvalitet på tilsynet.

Prosjektet rettar seg mot kommunane, føretaka og innbyggjarane: Kommunane skal sørge for eit meir aktivt tilsyn, og bør ha eit stabilt og fungerande tilsyn. Føretaka vil oppleve auka kvalitet på tilsynet og dette vil tena innbyggjarane som vil få betre bygg og auka tryggleik.

I forprosjektet vil vi planleggja og sjå nærare på korleis etablera eit interkommunalt byggjetilsyn i indre Sogn. I prosjektet vil vi vurdera samarbeidsløysingar, definera arbeidsoppgåver og stillingsomfang, finansiering og rutinar for sakshandsaming.

Prosjekt mål

Utvikla eit interkommunalt byggjetilsyn som stettar lovkrava og som sikrar stabilitet i tenesta ved at oppgåvene blir samla.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Sogn regionråd

Prosjektansvarleg/økonomi: Dagleg leiar Sogn regionråd

Prosjektleiing: Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane as

Styringsgruppe: Rådmannsgruppa i Sogn regionråd

Prosjektgruppe: Fire tilsette frå plan-/teknisk avdeling frå kommunane:

- Einar Nedrelo, Sogndal kommune
- Asle Skalle, Lærdal kommune
- Reinhardt Sørensen, Aurland kommune
- Norvald Aase, Vik kommune

Referansegruppe: Fleire tilsette frå alle kommunane kan bli trekt inn ved behov.

Mandat for prosjektgruppa

Prosjektgruppa skal planleggja og sjå nærare på korleis etablere eit interkommunalt byggjetilsyn i Sogn regionråd. Forprosjektet skal vurdere samarbeidsløysingar, definere arbeidsoppgåver og stillingsomfang, finansiering og rutinar for sakshandsaming.

Prosjektgruppa rapporterer til rådmannsgruppa som er styringsgruppe. Prosjektleiaren er sekretær

Prosjektgruppa leverer sluttrapporten innan 1.7.2009. Sluttrapporten vert ein del av saksgrunnlaget ved handsaminga i kommunane.

Gjennomføring - milepælar

Ca. startdato	Aktivitet	Ansvarleg	Ca. sluttdato
1.2.2009	Vedta prosjektplan og mandat	Rådmannsgruppa i Sogn regionråd	1.3.2009
1.2.2009	Kjøpa tenester til prosjektleiing	Rådmann i Sogndal kommune	1.3.2009
1.3.2009	Utarbeida sluttrapport om arbeidsoppgåver/omfang, samarbeidsløysingar mv, jf mandatet.	Prosjektleiaren	1.7.2009
Ca. sluttdato for prosjektet 1.7.2009			

Interkommunalt samarbeid om byggjetilsyn føreset vedtak i kvar kommune til hausten. Dersom kommunane vedtek etablering av interkommunalt samarbeid om byggjetilsyn, kjem Sogn regionråd til å søkja om midlar til hovudprosjekt. Regionrådet tek sikte på å etablere eit interkommunalt byggjetilsyn 1.1.2010.

Økonomi og ressursbruk

Finansieringskjelder	Sum
Søknadsbeløp	100 000
Kommunal eigenandel	50 000
Eigeninnsats kommunane	50 000

Utgifter	Sum
Kjøp av tenester til prosjektleiing inkl. kontorleige, PC, mobil, møte- og reiseutgifter	150 000
Eigeninnsats i kommunane 4 tilsette x 35 t x kr 200 + 8 komm. x 10 t x kr 200 (inkl. reisetid) + reiseutgifter kr 6 000	50 000

Vedteken i rådmannsgruppa i Sogn regionråd 13. mars 2009